

Rambøll Norge AS
Torgny Segerstedsvei 27
pb 3750 Fyllingsdalen
5845 BERGEN

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201200363-13/714/JAKS

Dykkar ref.:

Bergen, 05. juni 2013

Oversending av kostnadsoverslag for arkeologiske undersøkingar Arna - gnr 302 - 1, 12, 15 m.fl. - Vårheia / Arnaheia boligområde

Hordaland fylkeskommune viser til telefonsamtale 04.06.2013 og epost i saka og sender over overslag for kostnader knytt til kulturminneregistreringar i samband med områdeplan for Vårheia/Arnaheia boligområde.

I samband med reguleringa vil det måtte gjerast eit arkeologisk registreringsarbeid. Planen femnar om landbruksareal på garden Mjeldheim, som har hatt fleire kjende automatisk freda kulturminne. Det er difor eit potensiale for funn av automatisk freda kulturminne under markoverflata. Områdeplanen har eit stort areal som me vil overflateregistrere med punktregistreringar i område som er vurdert til å ha potensiale.

Undersøkinga slik me vurderer det vil ta inntil 3 veker i felt for to arkeologar. Deler av dette arbeidet vil vera med gravemaskin for å leita etter busetnads/aktivitetsspor under dagens markoverflate. Kostnadane knytt til feltarbeidet og med naudsynt etterarbeid vil vårt kostnadsoverslag ligge på inntil 244 000. Hordaland fylkeskommune gjer for ordens skuld merksam på at kostnader med gravemaskin kjem i tillegg. Hordaland fylkeskommune ser at mange tiltakshavarar har eigne gravemaskiner eller rammeavtaler med entreprenørar slik at me i dialog med tiltakshavar finn fram til løysingar før oppstart i felt.

For at me skal få vårt oppdrag inn i arbeidslista vår, treng me ei skriftleg tilbakemelding på godkjent kostnadsramme. Hordaland fylkeskommune si økonomiavdeling stiller krav om at ei slik godkjenning vert signert av ansvarleg fakturamottakar/tiltakshavar og skal vidare opplyse om organisasjonsnummer eller personnummer.

Me gjer merksam på at dersom ein ynskjer feltarbeidet gjort i inneverande sesong må me ha ei snarleg tilbakemelding på aksept for slik å kunne koma attende til dato for oppstart. I samband med at planarbeidet fører til graving på dyrka mark vil dette kunne føre til reduksjon av avling og eventuelle skader på grøfter og veiter. Me viser til at dette er å rekne som følgjeskader som ligg på tiltakshavar å rette. Erfaringsvis vil ei felles synfaring på staden i samband med undersøkinga og tilbakeføring vera nyttig og me ber slik om å få oppgitt ein kontaktperson.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
Fylkeskonservator

Jostein Aksdal
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Kostnadsoverslag for Vårheia-Arnaheia boligområde kulturminneundersøkingar.